

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

« Tabellane under syner kostra tal for 2015-2018, rekneskapstal for 2019 og budsjettal for 2020.

Mill kr	2015	2016	2017	2018 *	2019 **	2020 ***
Hordaland	305,6	307,8	285,3	352,0	387,2	-
Sogn og Fjordane	105,6	114,4	128,0	123,2	151,2	-
Vestland	411,2	422,2	413,3	475,1	538,4	901,6

* 2018 første år med bruttokontrakt, 2 samband (Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg)

** 2019 andre år med bruttokontraktar, 2 samband Austevoll, 1 ny kontrakt (Masfjordnes-Duesund)

*** 2020 budsjettal,

alle kontraktar er bruttosamband

I Sogn og Fjordane er alle dei fylkeskommunale ferjesambanda nettokontraktar

Den største ferjekontrakten i Sogn og Fjordane, med fire samband, hadde oppstart i perioden 2016-2018. Den nye kontrakten medførte ca 40 % kostnadsvekst grunna strengare lovkrav til universell utforming og klima/miljø.

Kontrakten som gjeld sambandet Daløy-Haldorneset skulle eigentleg ha oppstart 1.1.2019, men etter at ny operatør trakk seg måtte gamal kontrakt forlengast eitt år for å gje tid til ny konkurranse. Denne forlenginga medførte ein auke i kostnaden på dette sambandet ifht. 2018.

I juni 2019 kom sambandet Barmen-Barmsund inn som eit fylkeskommunalt samband. Tidlegare var dette eit samband i Selje kommune sin regi, og då betalte fylkeskommunen eit tilskot på om lag 2,5 mil. for medfinansiering for skuleskyss og fylkeskommunalt minstetilbod på båt. Denne kostnaden var bokført under båt, og ikkje ferje i rekneskapen.»